

## Sakspapir

| Sakshandsamar      | Arkiv | ArkivsakID |
|--------------------|-------|------------|
| Berit Karin Rystad |       | 22/413     |

| Saksnr | Utval         | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 080/22 | Formannskapet | PS   | 18.10.2022 |
| 051/22 | Kommunestyret | PS   | 27.10.2022 |
| 087/22 | Formannskapet | PS   | 27.10.2022 |

Fedje sokn ber om ekstraløyving for utgifter til revisjon for 2016-2020

Vedlegg:

2. tertialrapport - Fedje sokn

Regnskapsrapport pr. 31.08.2022

Kommentert saldobalanse 2208

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Bakgrunn:

Fedje Sokn har gjennomført eit omfattande oppryddingsarbeid når det gjeld manglande førte rekneskap for soknet i perioden 2016 – 2020. Soknet har tidlegare hatt i tenesteytingsavtalen mellom kommunen og soknet eit punkt om at kommunen har ansvar for rekneskapsføring, fakturering og løn. Soknet sin økonomi har same krav til rekneskapsføring som kommunen. Av ulike årsaker skar dette seg. Soknet har mangla rekneskap for heile denne perioden. Etterkvart som forholda ikkje vart betre, vart bilaga ikkje førte heller. Rekningar vart med nokre få unntak betalt som dei skulle, men etterkvart vart ingenting av dette ført.

Soknet hadde i denne perioden ingen oversikt på status for økonomien, og styrte i praksis verksemda i blinde. Til slutt var ein komen til eit punkt der kommunen ikkje såg at dei hadde ressursar til å gjera jobben, og var einige med soknet om at dette arbeidet burde setjast ut til ein ekstern aktør. Årsakene til at ting skjedde som dei gjorde, er samansette. I ettertid har det lite for seg å plukka ut sydebukkar for kvifor ting gjekk som det gjorde, anna enn å seia at det er rimeleg å hevda at både soknet og kommunen har ansvar for at denne situasjonen utvikla seg som den gjorde.

Noverande sekretær og kyrkjevevje kom inn i biletet hausten 2019. I forståing med tidlegare rådmann engasjerte soknet rekneskapsfirmaet Aider til å føra alle dei gamle rekneskapane, og til å overta det løypande ansvaret for rekneskap og løn. Soknet er blitt kompensert for dei løypande utgiftene til dette. Sekretær har gjort ein viktig jobb med å finna fram originalbilag eller kopiar av desse og leggja desse inn i systemet for føring. At sekretær har gjort dette grunnlagsarbeidet har spart soknet (og indirekte kommunen) for store summer. Soknet har fordelt kostnadane for oppryddingsarbeidet over 2 år. Samla kostnader til Aider for dette ryddearbeidet har kome opp i ca 200 000 kroner. Vi betalar årleg om lag 55 000 kroner (+ mva) i løypande utgifter til rekneskap, fakturering og lønn.

Rekneskapane for denne perioden måtte reviderast. Kostnaden for dette gjekk i gløymeboka då budsjettet vart sett opp, og vart ikkje meldt inn av soknet. Kyrkjeverja har prøvd å forhandla ned den samla kostnaden, men det har vist seg å vera vanskeleg. Revisjonen sitt argument har vore at grunna omstenda rundt manglande innsendte rekneskap i denne perioden, så ville behovet for revisjon vera ekstra stort.

Ekstrakostnaden for revisjon for dette tidsrommet utgjer kr 100.000 + mva.

### **Vurdering**

Kommunedirektøren vurderer det slik at i denne saka må både kommunen og soknet ta felles ansvar. Det har mangla styring og kontroll, men det hjelpar lite å leite etter ansvarlege no. Dei fleste som har vært inne i dette arbeidet i den aktuelle perioden har slutta i soknet og i kommunen.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

### **Konklusjon**

Kommunedirektøren konkluderer på at rekninga for revisjon på kr. 100.000,- eks. moms blir delt på kommunen og soknet, og at ein på denne måten tek felles ansvar.

### **Forslag til vedtak:**

Rekninga for revisjon på kr. 100.000,- eks. moms vært delt på kommunen og soknet

Formannskapet - 080/22

### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Rekninga for revisjon på kr. 100.000,- eks. moms vært delt på kommunen og soknet.  
Samrøystes vedteke.

Etter saka var vedteke, oppdaga ein at ein av representantane var ugild i saka. Vedtaket er derfor ugyldig. Saka vert meldt opp til ny behandling i formannskapmøtet 27.10.22. Innstillinga frå formannskapet kjem då ikkje med i innkalling til kommunestyremøtet 27.10.22. Innstillinga frå formannskapet i saka vil verta orientert om i kommunestyremøtet 27.10.22. Før ein behandlar saka i kommunestyremøtet den 27.10.22.

Formannskapet - 087/22

### **F - behandling:**

Hans Erik Waage Ap er ugild i saka, Hans Erik Waage er medlem av Fedje sokneråd. Gidske Borge Kolltveit møter som vararepresentant for Hans Erik Waage.

#### **F - vedtak:**



# Fedje kommune

Rekninga for revisjon på kr. 100.000,- eks. moms vært delt på kommunen og soknet.  
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 051/22

**K - behandling:**

Anna Marit Storemark (Ap) og Hans Erik Waage( Ap) er ugild i saka. Ann Marit Storemark er leiar i Fedje sokneråd, Hans Erik Waage er medlem i Fedje sokneråd.

Arild Karlsen (Ap) møter som vararepresentant for Anna Marit Storemark.

Frøydís Rognsvåg (Ap) møter som vararepresentant for Hans Erik Waage.

**K - vedtak:**

Rekninga for revisjon på kr. 100.000,- eks. moms vært delt på kommunen og soknet.  
Samrøystes vedteke.